

**BYGGER OPP ATT VEGEN TIL FORFEDRENE:**

# - Denne vegen vil overleve meg og alle andre som lever i dag

**NYHENDE SIDE 12-13**



**Jublar for flaggvedtak:  
- Viktig for unge skeive**

**SIDE 4**



**Nostalgisk gjensyn med ferja: -  
Beste dagen var då brua sank**

**SIDE 18-21**



**Lena er klar for halloween-  
feiring i Prærielandsbyen**

**SIDE 16-17**

Bygger opp att veggen til forfedrene:

# - Handlar om respekt som er større enn seg

**Då veggen først vart bygd, tok det ein heil dag å bore ned tre meter, ein jobb som i dag tek nokre minutt.**

VEGARD FLATØY  
vegard.flatoy@nordhordland.no

I bakkane ned mot sjøen på Sellevoll står Claus Sellevoll med ei grapse i handa, medan ei gravemaskin er i ferd med å lage ein grusveg igjennom kulturlandskapet.

Den gamle sjøvegen til Nordastykket, Torsvika og Lammneset var teikna inn på utskiftningskartet alt i 1880, og var sentral i livet til bøndene.

- Den var like viktig som nokon annan veg, dette var faktisk byvegen. Storparten av bruka på Sellevoll hadde nausta sine i Trossevika og rodde derfrå til Bergen.

Sellevoll omtalar vika som Trossevika, og ikkje Torsvika som det står i offisielle kart. Dette fordi det i fleire dialekter var vanleg å byte om på språklyden i ord. Til dømes er det fleire plassar på Vestlandet ein seier frikst, i staden for friskt.

## Noko større

- Det handlar om å ha respekt for det som er større enn seg sjølv, seier Claus Sellevoll.

Han overtok garden på Sellevoll i 2018, han seier det er viktig å ha tilkomsten i orden for å kunne ta vare på garden.

- Denne veggen vil overleve meg og alle andre som lever i dag. Den har klart ein praktisk funksjon, men den fortel også historia om oss.

Historia den fortel er om bønder som med hest og kjerre frakta tang og tare frå vika for å gjødsla på bøen. Folk som gjekk til fots for å ro til Bergen, og hestar som drog lass med byskit opp dei bratte bakkane.

- Den var steinsett slik at hestane fekk fotfeste, og rundt hovene hadde dei skinnfeller.

Dette var fordi hestane ikkje skulle skjere seg på glasskår. For alt gjekk i kloakken, både kjørler, glas og flasker.

## - Det handlar om respekt

Saman med entreprenør Dan André Litleskare, bruker Sellevoll vel ei veke på å byggje veggen. Også Litleskare er oppvaksen like oppe i lia, og bestefedrane deira arbeidde saman som skytebasar på vegar i Nordhordland.

- Når ein held på med slike prosjekt, ser ein korleis folk levde før og korleis dei arbeidde.



**HOVUDVEG:** Grusvegen bak Claus Sellevoll vart brukt til å frakte gjødsla og gras med hest og kjerre. I tillegg var det hovudvegen til sjøen.

FOTO: VEGARD FLATØY

Igjen, det handlar om respekt, seier Sellevoll.

Då veggen først vart bygd mellom 1936 og 1937, vart det gjort med minebor og feisel. Det tok då to mann ein heil dag på å bore ned tre meter, ein jobb som i dag tek nokre minutt.

I hola fyrte dei med krut, eller laga eld som brann eit døgn, for så å helle på vatn for å få berget til å sprekke. I dag er det nok med ein liten ladning dynamitt.

Til vanleg arbeider Litleskare på større vegprosjekt, og han har eit audmjukt syn på at han no kan bruke gravemaskin i bygginga.

- Eg trur det er veldig få som veit om det harde arbeidet som vart gjort før i tida. Dei har ikkje peiling, difor er det viktig å ha respekt for det harde arbeidet dei har måtte gjere, seier han og held fram:

- Når folk kjem køyrande i 100 km/t med Teslaen sin, er det ikkje mange som tenker på at mange av vegane er bygd og murt opp med handmakt.

## - Strilane har mykje å hente

Arbeidet handlar også om å kunne bruke jordbruksarealet i området.

- Skal ein ha tilgang til teig med traktor, slik at ein kan slå og halde beitedyr, då må vi ha veg. Tidlegare var det jo mange som arbeidde i slåtten, no er det berre ein eller to. Då må ein ha traktor, fortel Sellevoll.

Bygdene rundt om i Nordhordland er fulle av slike vegar, som anten er gjengrodd eller bygd over.

- Mange av desse vegane har ikkje ein praktisk funksjon lenger, men historia om dei er noko ein bør ta med seg vidare. Og så handlar det om å ta vare på naturen og kulturlandskapet.

Sellevoll og Litleskare har gått i ei veke og grave grøftar og veg, men Sellevoll meiner det er like mykje historiegraving dei driv med.

- Det er viktig å ta vare på kulturhistoria for å bli kjend med staden ein kjem frå. Det er som mellom menneske, ein må kjenne kvarandre for å bli glad i ein annan, seier han og legg til:

- Der trur eg strilane har mykje å hente, samanlikna med folk i til dømes Hardanger og Voss. Der er dei meir stolt over kulturen sin. Stolt av kvar dei kjem frå.

# kt for det eg sjølv



**NAUDSARBEID:** Eit arbeidslag med folk frå bygda som var på vegarbeid på Fosse i Alversund i siste del av 30-åra. (FOTO: BILDET ER UTLÅNT AV RITA VÅGE RYSJEDAL TIL FOTOGRAF ARNE ÅRSETH)



**AUDMJUK:** Dan Andrè Litlekare har stor respekt vegarbeidarane som tidlegare arbeide for hand. (FOTO: VEGARD FLATØY)



**SPOR:** Kulturminnefondet har løyvd 50 000 kr til istandsetjinga, og Sellevoll har late spora frå boringa på 30-talet stå att. (FOTO: VEGARD FLATØY)

## Åtte nye koronatilfelle

Austrheim kommune melder torsdag om eit pågåande smitteutbrot i kommunen.

- Koronapandemien er ikkje over, og dei siste dagane har både unge og vaksne innbyggjarar testa positivt for korona. Det blir ikkje innført nye tiltak i kommunen i denne omgang, heiter det i ei pressemelding frå Austrheim kommune.

Der opplyser dei at åtte innbyggjarar har testa positivt for koronavirus dei siste dagane. Vaksinasjonsgraden i

kommunen er no på 85 prosent fullvaksinerte og 90 prosent delvaksinerte. Dei minner om at det er viktig at alle held oppe det grunnleggjande smittevernet, slik at ein avgrensar smitten; ha reine hender, hoste i olbogen, isolere og teste seg dersom ein har symptom.

- Kommunen deler ut gratis PCR-testar slik at du kan teste deg sjølv. Desse kan hentast på baksida av kommunehuset, der legekontoret har ein eigen inngang.



Politistasjonssjef Kjell Idar Vangberg (t.v.) saman med politimeister Kaare Songstad (t.h.) under opninga av den nye politistasjonen i Masfjorden. (FOTO: SØLVE RYDLAND)

## No skal politiet få nye lokale i Knarvik - Vangberg håpar det står klart til 2024

Då politimeister Kaare Songstad opna den nye politistasjonen i Masfjorden måndag, stadfesta han samtidig at Vest politidistrikt har starta arbeidet med å finne nye lokale til politiet i Knarvik.

SONDRE LINGÅS HAUKEDAL  
sondre@nordhordland.no

- Det stemmer at det er på trappene at vi skal få nye lokale i Knarvik, seier politistasjonssjef i Nordhordland Kjell Idar Vangberg tysdag ettermiddag.

Han forklarar at det er eigedomsavdelinga til Vest politidistrikt som jobbar med prosjektet, og det vil bli lyst ut ein anbuds konkurranse når dei har bestemt seg. Vangberg fortel vidare at han ikkje veit kvar

dei nye lokala blir, eller kor langt ein har kome i arbeidet.

- Det eg veit er at det er vi som skal få no. Eg meiner det beste vil vere at det ligg i Knarvik sentrum det er naturleg opp mot både hovudveggar og at det er det største senteret i regionen. I tillegg håpar eg eit nytt politihus står klart til 2024. Då går leige kontrakten vår i dagens lokale ut.

Politiet har halde til i dagens lokale i Knarvik sidan 1980-talet. Politistasjonssjefen legg ikkje skjul på at det er mykje som har endra seg sidan den gongen.

- Vi ser fram til å få eit nytt hus. Det vil bli eit løft. Vi har vore der vi er no sidan 1989. Det er andre krav til politihus i dag, mange kriterium har endra seg sidan vi flytta inn der vi er no.

**30% PÅ SOLSKJERMING**

Gra is beforing: ☎95 71 402

**SCANDIC**  
- et soleklart valg

[www.scandic.no](http://www.scandic.no)